



KVINNHERAD KOMMUNE
Rosendalsvegen 10
5470 ROSENDAL

Saksbehandlar, innvalstelefon
Fredrik Arnesen, 5557 2155

Uttale - offentlig ettersyn - Planprogram - Reguleringsplan - Kvinnherad - Fv. 49 Nordrepollen - Austrepollen

Vi viser til brev frå Kvinnherad kommune av 01.11.2023. Saka gjeld høyring av planprogram for detaljregulering av Fv. 49 Nordrepollen – Austrepollen.

Planarbeidet gjeld ny vegtrasé for Fv. 49 mellom Nordrepollen og Austrepollen. Planprogrammet, som byggjer på forprosjekt utarbeidd av Norconsult, føreslår å gjennomføre konsekvensutgreiing for fleire aktuelle alternativ for å auka kunnskapen om desse. Etter at utgreiingsarbeidet er slutført, utarbeidast planforslag for alternativet som etter ei samla vurdering vert plukka ut.

Våre merknader til planprogrammet

Gjennom planarbeidet skal ein greie ut kva for konsekvensar dei ulike alternativa får. På bakgrunn av konsekvensutgreiinga vil ein avgjere kva for påhogg/linje som ein vil gå vidare med. Vi viser til tabell 6-6 «Samlet konsekvens for de ikkje-prissatte temaene» som syner dei ulike tema som skal inngå i konsekvensutgreiinga (KU):

Tabell 6-6 Samlet konsekvens for de ikke-prissatte temaene

Tabell trinn 3	Referanse-alternativ	Alternativ A	Alternativ B	Alternativ C	Alternativ D
Landskapsbilde	0				
Fritiluftsliv / by- og bygdeliv	0				
Kulturarv	0				
Naturmangfold	0				
Naturressurser	0				
Avveining					
Samlet vurdering	0				
Rangering					
Forklaring til rangering					



I tillegg er det lista opp andre utgreiingstema som er vurdert i planforslaget; trafikk og transport, massehandtering og risiko og sårbarheit.

Forskrift om konsekvensvurderingar § 21 syner faktorar som kan verte påverka og vurdering av vesentlege verknader for miljø og samfunn. Her nemnast mellom anna:

«- forurensning (utslipp til luft, herunder klimagassutslipp, forurensning av vann og grunn, samt støy)» [...]

«- jordressurser (jordvern) og viktige mineralressurser»

Vi viste i vår uttale til oppstart av 26.04.2023 mellom anna til at det er viktig å leggje til rette for ei langsiktig arealdisponering og planlegging av det fysiske miljøet som gjer at ein unngår helsekonsekvensar av støy. Det er bustader innanfor planområde som kan verte råka av støy. **Vi ber difor om at forureining (herunder støy) som tema må inngå i konsekvensutgreiinga på lik linje med andre viktige tema.**

Vi viste vidare i vår uttale til oppstart mellom anna til at det er i registrert dyrka mark innanfor planområdet (jamfør data frå NIBIO). Eventuell nedbygging av dyrka mark er uheldig. Omsynet til jordvern har vorte innskjerpa dei seinare åra, og i 2021 vedtok Stortinget ny nasjonal jordvernstrategi med et innskjerpa jordvernmål. Ny målsetting er at omdisponering av dyrka jord ikkje skal overstige 3000 daa, og at dette skal nås innan 2025. Det er kommunanes ansvar å nå dette målet. **Vi ber difor om at jordvern som tema må inngå i konsekvensutgreiinga på lik linje med andre viktige tema.**

Planområdet har store naturverdiar. Naturen med det biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfaldet, og økologiske prosessar skal takast vare på gjennom berekraftig bruk og vern, jf. naturmangfaldlova (nml) § 1. Prinsippa i nml. §§ 8 til 12 om kunnskapsgrunnlaget, føre-var-prinsippet, økosystemtilnærming og samla belastning, skal leggjast til grunn for arealplanlegginga, jf. nml. § 7. Det er bestemt at naturmangfald skal utgreiast i konsekvensutgreiinga. **Det er i denne samanheng viktig at konsekvensar dei ulike løysingane eventuelt måtte ha for vassdraga Austrepollselva og Øyreselva kjem tydeleg fram i konsekvensutgreiinga.** Dette er anadrome vassdrag. Det er viktig å sikre at naturlege bestandar av anadrome laksefisk og deira leveområde forvaltast i samsvar med naturmangfaldlova og slik at naturens mangfald og produktivitet bevarast jf. Lakse- innlandsfiskeloven § 1. Vi viser i denne samanheng til verdsetting av vassdrag i rettleiar til konsekvensutgreiingar (M-1941) frå Miljødirektoratet.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Fredrik Arnesen
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent